

Reglement for småbåthamna i Leirvik 2020

Området

Dette reglementet gjeld for bruk/leige av båtplassar i småbåthamna i Leirvik hamn.

Tildeling av plassar

Personar busett i Stord kommune eller som har fast arbeidsplass innan kommunen har førerrett til tildeling av båtplass ved hamnestellet sine bryggjer i småbåthamna.

Overføring av plassar

Båtplassen er tildelt den enkelte søkjar og blir tildelt etter oppgitt lengde og behov for båsbreidd, jf. pkt 4. Denne kan ikkje overdra sin båtplass til andre. Unntak gjeld for gjenlevande ektefelle og registrert sambuar. Livsarvingar kan overta båtplassen etter godkjenning frå hamneadministrasjonen. Ved overføring der innskot er betalt, skal det skriftleg stadfestast om innskotet vert eller ikkje vert overført ny leigetakar.

Der det ikkje er betalt innskot tidlegare for denne plassen må arvingen betala innskot etter gjeldande satsar på overtakingstidspunktet.

Det skal betalast eit behandlingsgebyr for overføring av retten til båtplass. Dette gjeld frå 1.1.13 og kan justerast årleg etter vedtak i budsjett for kommande år.

Bortleige av plassen må godkjennast av hamneadministrasjonen.

Bruk av båtplassen

Båtplassen kan nyttast av båtar med ein øvre storleik på 30 fot og maks. båsbreidd 4,5m. Båtar over denne storleiken kan inngå særavtale med hamnestellet. Båteigar som skiftar båt skal melda frå til hamnestellet om dette i god tid før skiftet. Dersom skiftet fører til ei utviding av båtplassen (båsbreidd) skal kostnadane med utviding og leiga justerast i høve til storleiken på båten. Hamnestellet kan krevja omplassering av båten når ein finn dette naudsynt eller formålstenleg.

Plassering av båt

Båtplass vert tilvist av hamnestellet. Det er ikkje løyve til å plassera småbåtar, teiner etc. på brygga ved båtplassen. Dersom dette vert gjort, kan hamnestellet fjerna dette på eigars kostnad.

Fortøyning/sikring

Båteigar er ansvarleg for at båten er forsvarleg fortøydd. Kvar båt skal ha fendrar på kvar side av båten. Fenderane skal vera plasserte og fortøydd slik at andre båtar eller utriggar ikkje vert påført skade eller ulempe. Ein skal nytta fortøyingsfjorar i gummi knytt til alle festepunkt på

båten til bryggje eller utriggar. Sjaklar og feste i bøyer eller festepunkt kan berre nyttast etter godkjenning frå hamnestellet og desse skal ikkje vera i metall.

Bruk av straum

Båteigar kan avtala med hamnestellet at ein skal kunne ta ut straum frå uttak på flytebryggje. Straumen skal betalast etter målaravlesing og til ei kvar tid gjeldande satsar. Hamnestellet føretekk målaravlesing ein gong i månaden eller kvart kvartal. Båteigar er sjølv ansvarleg for forsvarlege straumkablar og skap til båt samt avlesing av straummålar ved påkopling og fråkopling.

Orden i hamna

Båteigar er ansvarleg for orden og vedlikehald i området rundt sin båt. Det er forbode å tøma søppel eller pumpa ut olje eller vatn som inneheld olje, i hamneområdet. Søppel skal kastast i godkjente containrar alt etter avfallstypen. Spesialavfall skal leverast til godkjent mottak eller til miljøcontainer i småbåthamna.

Ferdsel

All ferdsel i hamneområdet må skje på ein forsvarleg måte. Farten må tilpassast etter tilhøva og ikkje overstiga 5 knop i indre hamneområde.

Lystfarty og opne båtar som er drivne med årar, seil eller motor, skal innan hamneområdet mest mogeleg halda seg vekke frå større farty, rutegående båtar og annan nyttetraffikk, jf. sjøvegsreglane nr. 44.

Ansvar

Alle båtar med registreringsplikt skal vera registrert i småbåtregisteret, registrert i leigetakar sitt namn og vera merka. Alle båtar skal vera ansvarsforsikra før plass vert tildelt. Båteigar er sjølv ansvarleg for oppfølging av dette. Hamnemynde kan krevja dokumentasjon på forsikring, manglande forsikring kan gi grunnlag for oppseiing av plassen.

Båteigar er ansvarleg for skade på bryggjer når desse er ei følge av båteigar sin handlemåte.

Hamnestellet er ikkje ansvarleg for skade på person, båt eller materiell under opptrekkjing, opplagring, oppsetting eller eventuelt anna arbeid som vert utført i båthamna. Hamnestellet er heller ikkje ansvarleg for ting som kjem bort frå båthamna.

Båtar og anna materiell vert ikkje forsikra av hamnestellet.

Betaling

For bruk av båtplassen skal det svarast ei leige i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande satsar. Leiga skal vera betalt til den tid – og slik det går fram av den tilsendte rekninga. Misleghald av betaling kan føra til tap av båtplassen, jf. regelen om misleghald. Den som har fått tildelt båtplass pliktast til ei kvar tid å gi melding til hamnestellet om adresseendring.

Oppseiing av båt plass

Båt plassen kan seiast opp med 3 månaders skriftleg varsel dersom det føreligg misleghald, jf. pkt.12. Plassen kan og seiast opp dersom kommunen vedtek at området skal nyttast til andre føremål. Det er tre månaders oppseiingfrist dersom leigetakar seier opp avtalen, rekna frå den 1. i månaden.

Misleghald

Misleghald av reglane i dette reglementet kan medføra tap av båt plass. Som vesentleg misleghald vert rekna

- manglande betaling av leige og straum
- manglande betaling av erstatning for skadar
- brot på reglar om fortøyning, orden og reinhald i hamna
- bortleige av båt plass til andre utan godkjenning frå hamnestellet
- manglande forsikring og merking

Tap av båt plass ved manglande bruk

Ein båt plass som ikkje vert nytta eitt år kan krevjast tilbakeført til hamnestellet. Hamnestellet kan vedta å seia opp plassen med ein månads varsel etter vedtaket er fatta. Vedtaket kan påklagast til hamnemynde. Klage på vedtaket har oppsetjande verknad.

Når leigetilhøvet er avslutta skal båten fjernast frå båt plassen. Dersom båteigar ikkje fjernar denne kan hamnestellet på båteigars rekning fjerna båten/setja denne på land. Dersom dette gjeld misleghald, manglande betaling m.m., kan hamnestellet krevja utlegg i båten inntil summen er betalt.

Reglar

I tillegg til dette reglementet gjeld og det til ei kvar tid gjeldande reglement for Stord hamnestell så langt dette høver og elles gjeldande reglar for erstatning, ferdsel på sjø m.m. Båteigar pliktar å setja seg inn i desse reglane, jf. vedtak om tildeling av båt plass.